



2019 var eit godt driftsår for Uskedal Båtlag.

Styret i Uskedal Båtlag melder om eit godt årsmøte med godt frammøte. Drifta og økonomien er god. Som for andre lag er det ikkje lett å få nye krefter til styret, men medlemene er positive til å bidra med dugnad som sikrar kvalitet og trivsel i båthamna. Samarbeidet med andre lag i bygda er god. Felles aktivitetar tilknytta Strandstova vert prioritert. Allsong i Strandkanten kan vera eit av tiltaka.

Styret for 2020 held fram bortsett frå varamedlem Frode Myklebust, som vart erstatta med Sigurd Myklebust. Dugnadsleiar er Jan Henrik Hansen.

Uskedal Båtlag har fem båtplassar ledige for sal. Prisen pr. båtplass er kr. 50.000,-



Dugnad er alltid viktig i eit båtlag. To brøyr Koløy går over alle kantlister og pullertar. (Arkivfoto 2019).

Av tiltak som skal gjerast i 2020, nemner vi:

- Støypa i og utbetra skader i betong/asfalt ved slippen
- Innhenta pris på asfaltering på parkeringsplassen
- Tilsyn og utbetring av slippvogn
- Inspeksjon av fortøyningar
- Laga betre tilskost til Strandstova, for mellom anna rullestol
- Erstatte spiker, som kjem opp i tredekke, med skruer
- Felles dugnad

Styret i Uskedal Båtlag 2020:

- Hans Gustav Mussland - leiar
- Anja Struter - kasserar
- Jan Henrik Hansen - styremedlem og dugnadsleiar
- Jostein Hauso - styremedlem
- Leif Jarle Bergstø - styremedlem
- Sigurd Myklebust - varamedlem
- Egil Myhre - varamedlem

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Eit sosialt tiltak kan vera å bruka Strandstovo til allsong (Arkivfoto 2019).